



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 07.03.2016

Til stades: Adle Helen Tveiten Øya, Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Randi Øygarden (ref).

Fotballgruppa v. Anne Brennemo, Handballgruppa v. Ingvild Øverland og Tone Langesæter, A-laget v. Øyvind Oland, Skigruppa v. Gunnhild Tveiten. Frå Sparebanken Din Harriet Slaen og Irene Særslund (sak 7/16).

Forfall: Ridegruppa, sykkelgruppa og friidrettsgruppa.

Sak 7/16 Gjennomgang av sponsoravtale med Sparebanken DIN + finansieringsbehov.

Harriet informerar om avtala, ho er kontaktperson for SIL i Sparebanken Din. Avtala har vore for 3 år av gongen og varer nå ut 2016. Det skal vera eit samarbeidsmøte mellom styret i SIL og banken ein gong i året, før utbetaling av støtte.

Ho snakka litt om profilering av Sparebanken Din som sponsor. Viktig å bevisstgjera undergruppene om dette, alle kan få utstyr som bannerar og liknande frå banken til bruk under kampar, cupar og liknande. Skigruppa får nye start- og målbannerar, pga at dei gamle var svært tungvinde i bruk.

Sparebanken Din gir premiar til skikarusellen.

I år er det overført meir pengar til stiftelsane, undergruppene kan søke om støtte til forskjellige prosjekt.

Sak 8/16 Gjennomgang av handlingsplan og årshjul

Pkt. 1: Fotballgruppa prosjekt Vest-Telemark. Det skal snart vera møte att, Øyvind Kili er nå ansatt i 100 % stilling. 50 % er lønna av Vinje og Tokke og 50 % av Vest-Telemark. Prosjektet er i rute.

Pkt. 2: Fotballgruppa, klubbhus Eventyrøy. Det må søkast kommunen ang universell utforming av bygget.

Pkt 3: Fotballgruppa, FFO/IFO. Øyvind O jobbar med dette, skal i møte med kommunen.

Pkt 4: Handball, rekruttering. Har planer om sosial/treningshelg til Rjukan. Jenter 8/10 har vore på cup i Skien og skal på ein cup til. Elles er det meldt på lag til Hykkerud handballskule på Notodden til sommaren.

Pkt 5: Handball, fleire treningar. Dei allereie hatt nokre ekstra treningar og har planer om fleire.

Pkt 6: Handball, infotavle på Granvin. Skal snakke med Leif om dette når han er tilbake på jobb.

Pkt 7: Skigruppa, rekruttere trenarar. Gunnhild Tveiten har vore i kontakt med Audun Svartdal, dette kan vere ein mogleghet om han har tid. Elles har det vore vanskeleg å få napp på høgskulen i Bø.

Pkt 8: Engasjere foreldre i skigruppa til å bidra meir. Skitrekket i Raudkleiv er i gang, denne er drifta av foreldre. Foreløpig har det bare vore ei lita gruppe bestående av 6 personar. Dette fordi dei ønskte å lære seg bruk av heisen grundig sjølve, før dei lærer opp andre. Det er planen å få med fleire foreldre til neste år. Elles er det forslag frå Gunnhild om å, på sikt, få parkeringsplassen oppe ved klubbhuset. Ho meiner at dette vil bidra til at fleire foreldre, besteforeldre og småsøsken vil ta turen opp ved arrangement/skikarusell osv. Vegen frå parkeringa (der den ligg i dag) og opp kan vere vèl utfordrande, båda for gamal og for liten, spesielt ned att.

Pkt 9: Markedsføre Raudkleiv som heilårsanlegg. Skitrekket er som nemnt i gang. Det er planer om å ha alpinkurs der oppe ila vinteren.

Pkt 10/11/12: Ridegruppa: ikkje tilstades.

Pkt 13/14: Friidrett, motbakkeløp og utstyr: ikkje tilstades.



Pkt 15: Sykkelgruppe: Styret er etablert.

Pkt 16: SIL hovudstyret, fotballhall: Ventar på budsjett.

Pkt 17/18: SIL hovudstyret, barneidrett, ungdomsidrett: Må ha med ein representant frå kvar undergruppe på møte med SFHS. Må ha namn frå undergruppene i barneidrettsgruppe.

Sak 9/16 Gjennomgang av referat frå styremøte 25.01.2016

Tellef gjekk gjennom referatet.

Sak 10/16 Gjennomgang av referat frå årsmøte 29.02.2016

Tellef gjekk gjennom referatet.

Sak 11/16 Gjennomgang av utstyrspakker

Øyvind går gjennom forslag, styret går for dette. Merknad, håndballspelerane kan be om kvite sokkar istadenfor fotballstrømper. Pakkene er eit tilbod til alle i SIL.

Det blir prøvedagar dei to førstkomande vekene på Granvin, betaling via betalingsterminal.

Dette blir informert om på SIL si heimeside og på undergruppene fb sider.

Skigruppa har allerede ei avtale på skidress.

Sak 12/16 Status undergruppene

Fotballgruppa: Meldt på lag i alle grupper. G16 samarbeider med Kviteseid.

Håndballgruppa: Årsmøte i april.

Skigruppa: Skal på VT- renn i Vrådal, skirenn i Byrte. Skiskyttarane skal på KM i Fyresdal. Det er nå 4 aktive i skiskyttargruppa.

Sak 13/16 Ymse

Det har dukka opp mange facebook grupper dei siste åra. Bruken av desse og behov for eit "regelverk" blir tatt opp. Hans Inge kjem med forslag til reglar på neste styremøte.